

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no



Vår ref:
Dykkar ref: 200900697

Vår dato: 08.10.2009
Dykkar dato: 11.09.2009

Høyring – utkast til forskrift om kvalitetssikring i høyere utdanning og fagskoleutdanning

Vi viser til *Høringsnotat om endringer i forskrift om akkreditering, evaluering og godkjenning etter lov om universiteter og høyskoler*, sendt med følgebrev datert 11.09.2009, og vi takkar for høve til å uttale oss om dette.

NLA Lærarhøgskolen har ikkje vesentlege innvendingar mot dei framlagde endringane. Vi vil positivt særleg peike på at utviklingsaspektet no vert sterkare vektlagt. Vi er samde i at dette er eit bidrag til å skape dynamiske og framtidsretta høgskular og universitet. På denne bakgrunn vil vi gjere framlegg om at omgrepsbruken vert endra i pakt med dette slik at *kvalitetssikring* dei fleste stadar vert skifta ut med *kvalitetsutvikling*, og at dette siste omgrepet også vert nytta i namnet til forskrifta. Sjølv sagt hadde det vore mest i pakt med realiteten å nytte begge omgrepa overalt, men det er for tungvint. Skal ein så velje eitt av dei, meiner altså vi at kvalitetsutvikling er det omgrepet som er best dekkande.

Vi vil og nemne ei sak som indirekte har med denne forskrifta å gjere. Det gjeld NOKUT i si forskrift, som skal følgja opp denne forskrifta frå dep. Der bør det klargjerast at dosent og professor vert likestilt når det gjeld krav til kompetanse for å få akkreditert studier på høgre grads nivå.

Med helsing


Bjarne Kvam
rektor